



Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 28/2010

Møtedato: 14.6.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S734

S734, Bukono – kårsel og endra stølsutvising

Magne Gardshaug fekk i sak 38/09 løyve til å føre opp nytt fjøs og ystebu. Han har no endra planane noko. Han søker no om å få bruke det bygget som vart godkjent som ystebu til eit kårsel og ynskjer i staden å føre opp ei ystebu i stav og laft. Ystebua er 5x4 m (18 m^2 BRA), med eit overbygg på 1 m. Kårselet er på 3,6x4,3 m (14 m^2 BRA). Eksisterande sel er på sel 49 m 2 (BYA).

Statskog har i brev datert 29.1.10 gjeve følgjande uttale:

Vi viser til søknad av 12. januar 2010 med kart og tegninger oversendt Statskog for uttale.

Det søkes om å endre tidligere omsøkte og godkjente ystebu til anneks ettersom bygget viste seg å være uegnet som ystebu. Videre søker det om oppføring av ny ystebu. Annekset og ystebua er i følge vedlagte tegninger henholdsvis $15,5 \text{ m}^2$ og 20 m^2 . Stølen opplyses å være i bruk til mjølkeproduksjon.

I seterregisteret er det registrert følgende bebyggelse på stølen fra før:

| Hustype | Byggeår | SumAreal |
|-------------|---------|----------|
| Uthus/skåle | | 12 |
| Fjøs | | 98 |
| Seterbu | | 112 |
| Annet | | |
| Fjøs | | 23 |
| Seterbu | | 49 |

Harald Ranum påpeker i fjellstyresak 31/2009 at opplysningen om seterbu på 112 m^2 må være feil ettersom fjellstyret i 2003 avslørte søknaden om nytt sel. Videre søkte Magne Gardshaug i 2009 om oppføring av nytt fjøs og ystebu på stølen. I fjellstyresak 31/2009 vedtok fjellstyre å innvilge søknaden på vilkår av at gammelt fjøs og uthus ble revet. Det er derfor noe uklart hva faktisk bebyggelse på stølen er i dag, og vår forespørsel til fjellstyret om oppdatert oversikt over stølens bebyggelse er ikke besvart innen utsendelsen av vår uttale i saken. Vi oppfatter det imidlertid slik at stølen per i dag har 1 sel på ca. 50 m^2 .

Når det gjelder det omsøkte annekset, så har vi ingen vanskeligheter med å se at en støl benyttet til mjølkeproduksjon lett ville kunne argumentere for et behov for større boareal enn 50 m^2 . Vi mener imidlertid at anneks og/eller flere sel på stølen er en dårlig løsning. Dels fordi det som oftest er en urasjonell løsning med hensyn til praktisk bruk, bygningsomfang og økonomi, og dels fordi man kan vise til at en rekke liknende løsninger over tid har ført konflikter. I dette tilfellet er det også et ønske om å plassere annekset forholdsvis langt unna selet, og behovet for annekset begrunner med overnatting for familie og grønn omsorg. Vi ser ikke umiddelbart at dette har betydning for drifta av stølen. Statskog mener derfor at man bør avslå den delen av søknaden som angår annekset, og heller oppfordre søkeren til å utvide eksisterende sel dersom det er behov for mer boareal på stølen. Dersom fjellstyret skulle gå inn for det omsøkte annekset mener vi i så fall at dets beliggenhet bør flyttes nærmere selet.

Hva angår den omsøkte ystebua har ikke Statskog merknader til denne.

Som fjellstyret påpeker i sak 31/2009 ville det være formelt riktig å endre deler av tilleggsjorda inntil stølsvollen til stølsvoll, i og med at deler av stølsbebyggelsen nå ønskes plassert på tilleggsjorda. Eksisterende stølsvoll er ca. 3 daa. Statskog er enig at dette bør gjøres, og mener at en omdefinering av et tilsvarende areal fra tilleggsjorda vil kunne gi en god arrondering av stølsvollen som i så fall vil bli på ca. 6 daa. Dette vil gi tilstrekkelig areal rundt stølen og være i henhold til normen for stølsvoller i henhold til merknadene til seterforskriftens § 7.

I utgangspunktet meiner fjellstyret at kårselet burde vore plassert nærare hovudselet, men det er vanskeleg å vurder ny tomt utan å ha vore på staden. Fjellstyret vil også be Gardshaug vurdere framlegget frå Statskog om å bygge på eksisterande sel.

Fjellstyret behandla søknaden den 3.2.10 og gjorde følgjande vedtak i sak 5/2010:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte ystebu og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Fjellstyret utsett endring av stølsutvisinga og søknaden om kårsel til ein har sett på saka under befaring mandag 14.juni.


Fjellstyret såg på saka saman med Magne Gardshaug og Statskog under befaring den 14.6.10. Ein fann ikkje tomt som var skikka i nærleiken av eksisterande sel. Å føre opp det gamle lafta huset som tilbygg til selet, var heller ikkje aktuell løysing.

Statskog har tilrådd at det blir omdefinert ca 3 daa slik at samla stølsutvising blir 6 daa. I Vestre Slidre er det tradisjon for større stølsutvisinger enn 5-10 daa som er skissert i stølsforskrift. Det er vanleg med 20-30 daa og det har vore vist ut stølar opp i 50 daa. Det er fjellstyret som avgjer utvising av stølsvoll og utviding av stølsvoll jf. § 7 i stølsforskrifta. Tilleggsjord som ligg inntil stølsutvising fell i det fri etter dei same reglar som støl, dvs 20 år utan bruk. Det er derfor ikkje stor praktisk forskjell om arealet er stølsutvising eller tilleggsjord, men det har vore vanleg at stølshusa ligg på stølsutvisinga.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte sel og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskriftene.

Fjellstyret godkjenner etter § 7 i stølsforskrifta at halvparten av det samla arealet av stølsutvisning S734 og tilleggsjorda F1107 blir stølsutvising. Arealet på korrigert stølsutvising blir ca 18 daa og er vist på følgjande kartutsnitt.



Etter § 10 i fellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 15.6.10

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Magne Gardshaug
Statskog
Oppland fylkeskommune
Vestre Slidre kommune